

**Møtebok**  
**frå**  
**utdanningsutvalet**

**Møtestad:** AR-T 401  
**Tid:** 17.02.2016 kl. 9:00 - 12.45

**Fylgjande faste medlemer møte:**

Bartlett, Magne  
Bjørheim, Sindre  
Hervik, Sigbjørn  
Husebø, Dag  
Hærem, Eva  
Klepp, Anine (sak 1 - 5 og 7)  
Knutsen, Ketil  
Nielsen, Marit Aamodt  
Selvik, Jon Tømmerås  
Sjøberg, Jørgen

**Fylgjande observatørar møte:**

Elisabeth Faret  
Terje Blåsternes

**Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Jorunn Melberg  
Lene Kathrine Hoff

**Fylgjande varamedlemmer møte:**

Henning Stokkeland Olsen

**Frå sekretariatet møte:**

Bjarte Hoem  
Kristofer Henrichsen  
Tonje Ravndal  
Marit Cecilie Farsund  
Eilef J. Gard

Møtet vart leia av Dag Husebø.

Saksnr.	Innhold	U.off.	Arkivnr.
UU <a href="#">01/16</a>	Godkjenning av innkalling		
UU <a href="#">02/16</a>	Godkjenning av møtebok 11.11.2015		15/01302-37
UU <a href="#">03/16</a>	Konstituering og utvalgsreglement		15/01302-35
UU <a href="#">04/16</a>	Studiebarometeret 2015 - orientering		15/04482-3
UU <a href="#">05/16</a>	Tilsynsarbeid og utdanningsutvalget sin rolle		16/00946-1
UU <a href="#">06/16</a>	Revisjon av eksamensforskriften		15/00705-17
UU <a href="#">07/16</a>	Høring om retningslinjer for karakterskalaen bestått/ikke bestått		16/00527-3
UU <a href="#">08/16</a>	Orientering om utgreiingsløyve for nye studier		16/00884-1
UU <a href="#">09/16</a>	Årsrapport for utdanningsutvalget 2015		15/01413-3
UU <a href="#">10/16</a>	Møteplan studieåret 2016 - 2017		15/01302-36
UU <a href="#">11/16</a>	Andre orienteringssaker		15/02099-5
UU <a href="#">12/16</a>	Eventuelt		
UU <a href="#">04/16</a>	Studiebarometeret 2015		15/04482-2

Stavanger 25. februar 2016



Dag Husebø  
møteleiar



Bjarte Hoem  
utvalssekretær

## UU 01/16 Godkjenning av innkalling

Jørgen Sjøberg gjorde framlegg om å handsama sak 7 (Høring om retningslinjer for karakterskalaen bestått/ikke bestått) før sak 6 (Revisjon av eksamensforskriften).

### Vedtak:

Innkallinga vart godkjent med den føreslege endringa i saklista.

## UU 02/16 Godkjenning av møtebok 11.11.2015

Det vart vist til sak UU 42/15 Nye Standards and Guidelines for Quality Assurance (ESG). Denne saka vart utsett til dette møtet men er ikkje sett opp på saklista. Utdanningsdirektøren forklarte at der er ein plan om å ta dette opp i eit eige møte for både utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet, eller at saka vert sett opp i eit ordinært møte.

### Vedtak:

Møteboka vart godkjent.

## UU 03/16 Konstituering og utvalsreglement

Saka begynte med presentasjon av medlemene og sekretariatet.

Dag Husebø, som ny utvalsleiar, delte deretter sine synspunkt på kva godt møtearbeid kan vera.

Utdanningsdirektøren innleia om reglement for utvalet, som er utarbeidd i samarbeid med studentrepresentantane.

Anine Klepp fremja eit tillegg til §7: «Det tillates to replikker per innlegg.»

Sindre Bjørheim fremja ei endring i § 2: «offentlighetsloven eller tjenestemannsloven» vert endra til «lov».

Magne Bartlett fremja endring i § 3: Stryk «lovlig».

Anine Klepp sitt framlegg vart røysta over og fall med fire stemmer for og 6 mot.

### Vedtak:

Utdanningsutvalet vedtek utvalsreglementet med fylgjande endringar:

- § 2: «offentlighetsloven eller tjenestemannsloven» vert endra til «lov».
- § 3: «lovlig» går ut.

## UU 04/16 Studiebarometeret 2015 - orientering

Marit Cecilie Farsund presenterte resultat frå Studiebarometeret 2015. Undersøkjinga vil verta brukt i utvalet sitt vidare arbeid med studiekvalitet.

## UU 05/16 Tilsynsarbeid og utdanningsutvalet si rolle

Kristofer Henrichsen innleia i saka. Trong for utvikling av tilsynsordningar har vore diskutert ei tid. Nå kjem det endringar i uh-lova og forskrifter som gir føringar for tilsyn med studia.

Dag Husebø viste til mandatet til utvalet. Saka handlar om eit viktig strategisk utviklingsarbeid. Arbeidet skal føra til betre kvalitet ved UiS.

Frå samtalen:

- Ved Universitetet i Agder skal alle studieprogramma evaluerast minst kvart femte år, etter visse kriterier. Deretter vert det handsama i studieutvalet. Det har ført til store revisjonar i programma.
- UiS sitt kvalitetssystem har i større grad vore retta mot emneevalueringar. Me har ikkje eit institusjonelt system for programevaluering, men det vert gjort ein del på fakulteta.
- Ved SV-fakultetet har ein tenkt at det viktigaste er at det vert gjort, og så har institutta bestemt korleis dei vil gjera det. Det vert brukt eksterne programsensorar.
- Me treng institusjonelle føringar, men ikkje for mange fordi det vil skapa motstand.
- Det fagleg-administrative støtteamet er viktig, og det må fokuserast på.
- På SV fakultetet er kvalitet i sensorarbeid veldig viktig. Vil gje ekstern sensur på alle emne. Det vil kosta men det kan vera verdt det dersom det gjer betra kvalitet.
- Ved TN-fakultetet er ein også mest fokusert på emne. Der er også programevaluering, men det er sporadisk. Interessant å høyra at UiA har ein femårig syklus. Utdanningsutvalet bør vera med i dette arbeidet.
- Korleis kan kvalitetsarbeidet styrkjast? Det er viktig at dei som gjer emnerevisjonane, dvs fagmiljøa, veit kva som er forventningane og kva krav som vert stilte. Der er mange dokument å forhalda seg til. Det må verta eit betre system i det.
- Der er eit forbettringspotensiale i å få studentevalueringane inn i emnerevisjonane.
- Utdanningsutvalet kan kan spela ei viktig rolle, ikkje berre i å laga ordningar, men også i å sikra gode rutiner på instituttnivå.
- Tre institutt hadde gjort emneevalueringar på tre ulike måtar. Eit standardisert opplegg vil gjera det lettare å tolka resultatane. Studentar må engasjerast i emnerevisjonar.
- UiS er ganske fragmentert. Der er mange ulike måtar å gjera ting på. Kvalitetskoordinatorar kan samarbeida meir og skapa meir felles praksis. Det bør vera strengare akkreditering. Det er viktig å spissa profilen for å tiltrekka seg nye studentar.
- Linjeforeninga på statsvitenskap hadde møte med programleiinga om programevaluering. Studentane var meir nøgde med programevaluering enn med emneevaluering.
- Me må hugsa at me skal utdanna for arbeidslivet. Dette vart teke opp i styreseminaret.
- Utdanningsdirektøren viste til endringar i KD-forskrifta der det nå vert lagt meir vekt på kvalitetsarbeidet. UiS må fokusera på tilsyn og må etablera eigne ordningar på dette. Korleis skal tilsynsarbeidet etablerast?
- Kva grunnlag treng utvalet for å gjera valide vedtak i akkrediteringssaker? Det er viktig å ha gode ordningar for dette arbeidet.

**Vedtak:**

Utdanningsutvalet ber utdanningsdirektøren ta med utvalet sine innspel i det vidare arbeidet.

## UU 06/16 Revisjon av eksamensforskrifta

Saka var lagt fram til handsaming i utvalet sitt møte 11. november og vart då utsett til dette møtet.

Utdanningsdirektøren innleia kort i saka. Arbeidsgruppa hadde mandat om å koma med forslag til utdanningsdirektøren. Utdanningsdirektøren har lagt fram for utvalet eit forslag som har nokre endringar i høve til arbeidsgruppa sitt forslag, m.a. på grunn av høyringsuttaler og intensjonen i mandatet.

Leiar ba utvalet om å ikkje gå inn i enkelte detaljer men halda seg til hovudsaka og kva prinsipp utvalet ynskte å diskutera.

Sigbjørn Hervik hadde fylgjande framlegg til endringar i utdanningsdirektøren sitt framlegg til forskrift:

- Utvalet tek inn igjen § 1-4-(2) i framlegget frå arbeidsgruppa, om at dekan etter søknad kan innvilga dispensasjon frå regelen i pkt 1.
- Fylgjande setning i § 2-4: «Dekan kan fastsette nærmere regler og vilkår for å kunne innvilge permisjon fra studiet» erstattar setninga: «Utdanningsutvalget fastsetter nærmere regler og vilkår for å kunne innvilge permisjon fra studiet.»
- Tillegg til § 2-9 (6): Dekan bør ha mulighet til å fastsetja eigne trekkfristar.
- § 4-2: Føreslår at pkt 1. «Det skal utarbeides sensorveiledning til hver eksamen», går ut.

Til § 4-2 om sensorveiledning svara utdanningsdirektøren at dette er teke med i eksamensforskrifta på grunn av dei nye veiledande retningslinjene frå UHR. Utdanningsdirektøren har valt å ta omsyn til rådet frå UHR og legg fram forslag i eksamensforskrifta at det skal vera slik sensorveiledning. Utdanningsdirektøren sitt syn fekk størst tilslutnad i utvalet og vart ikkje teke til avstemming.

Utvalet hadde i tillegg fylgjande kommentarar til utdanningsdirektøren sitt framlegg:

- Det bør vurderast om «bør» skal erstattast med «skal» i fylgjande setning i § 4.2.7: «På andre eksamener bør det i tillegg til intern sensor bli benyttet ekstern sensor på minst 1/3 av, ...». Det er viktig å ta i vare intensjonen med at ekstern sensur skal medverka til kvalitetssikring av prøving. Pkt 7 og 8 må sjåast i samanheng, slik at alle emna i eit program er sikra ekstern sensur over ein treårsperiode.
- Parantes i § 4.2.8 b) bør gå ut.
- Det bør vurderast om pkt b og c er tilstrekkeleg i § 4.2.10.

Etter diskusjon trekte utdanningsdirektøren § 2.10.1 i sitt framlegg til fordel for arbeidsgruppa sitt framlegg.

På bakgrunn av Sigbjørn Hervik sine framlegg til endringar vart fylgjande sett under avstemming:

Utvalet tek inn igjen § 1-4-(2) i framlegget frå arbeidsgruppa. Framlegget fall med at 3 stemde for og 7 mot.

Fylgjande setning i § 2-4: «Utdanningsutvalget fastsetter nærmere regler og vilkår for å kunne innvilge permisjon fra studiet.» vert erstatta med: «Dekan kan fastsette nærmere regler og vilkår for å kunne innvilge permisjon fra studiet.» Framlegget fall med at 4 stemde for og 6 mot.

Fylgjande setning i § 2-4: «Ved andre grunner kan studenter innvilges permisjon i inntil ett år.» vert erstatta med: «Ved andre grunner kan studenter innvilges permisjon i inntil ett år om gangen.» Framlegget vart vedteke med at 8 stemde for og 2 mot.

Utdanningsdirektøren sitt framlegg om felles trekkfristar i § 2-9 (6) vart sett under avstemming og vart ståande med at 7 stemde for og 3 mot.

#### **Vedtak:**

Utdanningsutvalget anbefaler styret om å vedta arbeidsgruppens forslag til ny forskrift om studier og eksamen med de endringer som er foreslått av utdanningsdirektøren, jf. «forskrift om studier og eksamen ved Universitetet i Stavanger» av 25.01.16, med unntak av ordlyden i § 2-4.

## UU 07/16 Høring om retningslinjer for karakterskalaen bestått/ikke bestått

Saka vart hansama før sak 06.

Utdanningsdirektøren innleia. Saka inneheld ein rapport frå UHR. Denne er send på høyring til institusjonane, og vidare send på intern høyring i institusjonen. I saka er det stilt nokre spørsmål som utvalet er bedt om å svara på.

Diskusjonen dreidde seg om innføring av eit tredje trinn i skalaen bestått/ikkje bestått, og forholdet mellom dei to karakterskalaene.

Fleirtalet av dei som hadde ordet meinte at det ikkje bør vera eit tredje trinn i skalaen bestått/ikkje bestått. Det vil innebera ei tilnærming til ein gradert skala.

Vidare frå samtalen:

- Der er trong for kvalitative beskrivelsar for skalaen.
- Det må vera tydelege krav til bestått.
- Dei to karakterskalaene må vera uavhengige av kvarandre.

### Vedtak:

Utdanningsdirektøren syter for at utvalet sine uttaler vert tekne med i universitetet sitt høringsvar.

## UU 08/16 Orientering om utgreiingsløyve for nye studier

Utdanningsdirektøren minna om at utdanningsutvalet har fått eit nytt mandat som inneber å gje råd til styret om utviklinga av studieporteføljen ved UiS. I denne saka vert utvalet orientert om kva planar fakulteta har for utvikling av studieporteføljen. Innvilga utgreiingsløyve kan resultera i søknad om akkreditering og etablering av studier, som utvalet vil få til handsaming.

Utdanningsdirektøren vart beden om å gje oppfordring til dekan om å involvera studentane i utgreiingsarbeidet.

### Vedtak:

Utdanningsutvalet tek saka til orientering.

## UU 09/16 Årsrapport for utdanningsutvalget 2015

Utdanningsdirektøren orienterte kort om rapporten.

### Vedtak:

Utdanningsutvalet godkjenner framlegget til rapport for utvalet sitt arbeid i 2015. Rapporten vert sendt til AØV som utvalet sitt innspel til PVO-prosessen.

#### **UU 10/16 Møteplan studieåret 2016 - 2017**

Utvalet bad utdanningsdirektøren tilføra ein ekstra eventuell møtedato i haustsemesteret for å kunna dersom saksmengda tilseier trong for eit tredje møte.

**Vedtak:**

Utdanningsutvalet vedtek møteplan for studieåret 2016 – 2017 i samsvar med utdanningsdirektøren sitt framlegg, med kommentar frå utvalet.

#### **UU 11/16 Andre orienteringssaker**

**Vedtak:**

Utdanningsutvalet tek sakene til orientering.

#### **UU 12/16 Eventuelt**

Der var ingen saker til eventuelt.